




BØMLO KOMMUNE
Rådhuset Leirdalen 1
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Helle Holte Bruland, 5557 2324

Uttale - avgensa høyring - Reguleringsplan - Bømlo 8/67 - Ytre Håvik - Aravikjo - naust og fritidsbustad - 202306

Vi syner til dykkar oversending av planframlegg til avgrensa høyring, datert 21.11.2024.

Vi ser positivt på at de har justert planen etter våre merknadar. Vi er likevel noko kritiske til at leikeareal er flytta frå eit ope areal ved sjø og til oppsida av vegen, sjølv om det vert argumentert med at dette arealet allereie er i bruk som leikeareal. Det er her gjort eit «makebyte» der leikeareal ved sjø er endra til parkering og veg – noko vi meiner er uheldig mot potensiell bruk og verdi av arealet. Det er lite strandsoneverdiar att i området grunna utfylling, nedbygging og privatisering.



Figur 1 – utsnitt frå plankart til høyring 30.05.2024, utsnitt frå justert plankart 21.11.2024

Det er bygt/regulert svært tett med fritidsbustadar og naust – slik at dette rest-arealet har stor verdi som ope strandsoneareal. Sjølv om arealet er planert og lite attraktivt for opphald i dag, så meiner vi at arealet vil kunne opparbeidast til å bli eit verdifullt og attraktivt opphaldsareal ved sjø. Vi ber difor kommunen om å sjå på denne løysinga på nytt.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Helle Holte Bruland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

